



Statens vegvesen

# Vegliste 2022

## MODULVOGNTOG

Fylkes- og kommunale vegar

November 2022

Vestland

[www.vegvesen.no/veglister](http://www.vegvesen.no/veglister)



Foto: Knut Opeide

# Statens vegvesen – Vegliste for modulvogntog

## Bruksklasse, tillaten last og vogntoglengde

# Vestland fylke

---

### Innleiing

Vegliste for fylkes- og kommunale vegar i Vestland fylke inneheld opplysningar om kva for bruksklasse som er tillaten på vegen sommar og vinter, tillaten totalvekt og vogntoglengde.

Vegnettets referansesystem er lagt om og det medfører at det er ein del endringar av vegnummer – spesielt på fylkesvegar, men også noko på riksveg. Du finn oversikt over gamle -> nye vegnummer og omvendt på [www.vegvesen.no/veglister](http://www.vegvesen.no/veglister).

### Bruksklasse sommar

Bruksklasse sommar er den generelle bruksklassen som er tillaten på vegen utanom periodane med vinteraksellast og eventuelle periodar med nedsett aksellast i teleløysinga.

### Bruksklasse vinter

Tidspunkt for innføring og oppheving av høgare tillatt aksellast på frosen veg vert kunngjort i lokalpressa/lokalradio. Ordninga gjeld berre for dei strekningane som i veglista er oppført med bruksklasse i kolumna for vinteraksellast. I periodar med mildvær kan ein oppheve ordninga med omgåande verknad.

Vinteraksellasta vert oppheva når teleløysinga startar.

### Aksellast i teleløysningsperioden

På fylkesvegar vil det berre unntaksvis bli innført restriksjonar i teleløysinga. På kommunale vegar kan omfanget variere frå kommune til kommune. Veglista inneheld ikkje opplysningar om aksellast i teleløysinga. Det kan likevel bli innført restriksjonar på enkelte svake strekningar. Tidspunkt for restriksjonar og gjeldande aksellast vert kunngjort lokalt, og skilt vert sett opp på dei aktuelle strekningane.

Dersom de treng opplysningar om eventuelle restriksjonar, kan de kontakte den enkelte kommune eller Statens vegvesen sin vegtrafikksentral (VTS) tlf. 175.

Vi ber transportørane og transportbrukarane om å legge til rette transporten slik at belastninga på spesielt svake vegar blir minst mogeleg i teleløysinga.

## Modulvogntog

- L Strekninga er ikkje tillaten for linkmodulvogntog .
- V Strekninga har avgrensa tillaten totalvekt til maks. 50 tonn i perioden 1. november – mandag etter 2. påskedag. I Nordland, Troms og Finnmark gjeld tilsvarande frå 16. oktober – 30. april.

# NY UTFORMING AV VEGLISTA ETTER FORVALTNINGREFORMA

Frå 1. januar 2010 overtok fylkeskommunane ein stor del av riksvegane. Dei tidlegare riksvegane vart med det fylkesvegar. Fylkesvegane er delt i tre kategoriar:

- Primære fylkesvegar: Fylkesvegar som før 1. januar 2010 var riksvegar
- Sekundære fylkesvegar: Dei viktigaste tidlegare fylkesvegane
- Andre fylkesvegar: Resten av fylkesvegane

Dei primære fylkesvegane har stort sett same nummer som dei riksvegnummera dei hadde før reforma.

I veglista er dei primære fylkesvegane (tidlegare riksvegar) lista opp først, utan deling på kommunegrensene. Deretter vert vegane lista opp kommunevis (alfabetisk). For kvar kommune listast sekundære og andre fylkesvegar samla. Deretter vert dei kommunale vegane lista.

## Forkortingar i veglista:

|            |                                      |
|------------|--------------------------------------|
| arm        | sideveg                              |
| bf.        | bustadfelt                           |
| Bk         | bruksklasse                          |
| E          | europaveg                            |
| fk.        | ferjekai                             |
| Flypl.     | flyplass                             |
| fv.        | fylkesveg                            |
| g.         | gate/gata                            |
| gr.        | fylkesgrense                         |
| krk.       | kyrkje                               |
| kv.        | kommunal veg                         |
| N, S, Ø, V | himmelretning, nord, sør, øst, vest  |
| P-plass    | parkeringsplass                      |
| pv.        | privat veg                           |
| riksgr.    | Riksgrensen, angis med stedsnavn bak |
| rkj.       | rundkjøring                          |
| rv.        | riksveg                              |
| st.        | stasjon, f.eks. Hamar st.            |
| sv.        | skogsbilveg                          |
| v.         | vei, veien eller veg, vegen          |
| x          | kryss                                |

## **Forskrift om modulvogntog på fylkes- og kommunale vegar, Vestland (Vegliste modulvogntog i Vestland)**

Fastsett av Vegdirektoratet 24. oktober 2022 med heimel i vegtrafikklova av 18. juni 1965 nr 4 § 13 og Samferdsledepartementet sitt vedtak av 24. november 1980 om delegering av mynde etter lova, jf. Vegdirektoratet si forskrift av 25. januar 1990 nr. 92 om bruk av køyretøy § 5–3 nr. 2 bokstav a.

Nærare reglar om lovleg vekt og dimensjon er gitt i forskrift 25. januar 1990 nr. 92 om bruk av køyretøy kapittel 5.

## Iverksetjing

Denne forskrifta gjeld frå 1. november 2022.

Frå same dato vert forskrift av 27. april 2022, nr. 728 om modulvogntog på fylkes- og kommunale vegar, Vestland oppheva.

### **Statens vegvesen: Adresse / Telefon / Epost / Heimeside:**

Statens vegvesen  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00

E-post: [firmapost.vegvesen.no](mailto:firmapost.vegvesen.no)

Internett: [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)

Vegtrafikksentralen: 175



**Statens vegvesen**

Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

tlf. 22 07 30 00  
vegvesen.no